



Mjelstad Og Stokke Rørleggerforretning As  
Fotlandsvegen 39  
5282 LONEVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2519 - 23/19142

Saksbehandlar:  
Therese Lyngbo Iversen  
therese.lyngbo.iversen@osteroy.kommune.no

Dato:  
28.08.2023

## Førebels svar - stadfestning motteken søknad - gbnr 8/4, 15 og 25

Tiltak: Legging av VA-leidningar  
Eigedom: Gbnr: 8/4  
Tiltakshavar: Rune Rongved  
Ansvarleg søker: Mjelstad Og Stokke Rørleggerforretning As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 22.08.2023 og saka har saksnummer 23/2519.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trøng for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 og forskrift om byggesak (SAK) kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og forskrift om byggesak § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. SAK § 7-2, 1. ledd. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2, 1. ledd.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. landbruk, veg, vatn og avlaup), jf. plan- og bygningslova § 21-5, jf. SAK § 6-2, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. forskrift om byggesak § 7-3.

| Sakstype  | Tidsfrist |
|---|-----------|
| Søknad om dispensasjon frå plan etter § 19-1, jf. §§ 19-2 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale styresmakter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5. | 12 veker  |
| Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.<br>Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.  | 3 veker   |

|  |         |
|--|---------|
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.<br>Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden. | 3 veker |
|--|---------|

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått. For meir informasjon om gebyr sjå kommunen sine nettsider <http://www.osteroy.kommune.no/>

Med helsing

Tore Johan Erstad  
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Therese Lyngbo Iversen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

|  |                  |      |         |
|--|------------------|------|---------|
| Mjelstad Og Stokke<br>Rørleggerforretning As | Fotlandsvegen 39 | 5282 | LONEVÅG |
| Rune Rongved                                 | Revheimsvegen 81 | 5282 | LONEVÅG |